

Emne:	Referat frå møte i Regionsenterringen 05.12.2017		
Til stades:	Marit Rødseth	Regionalavdelinga, planseksjonen	
	Torunn Lindland Gaarden	Tannhelse	
	Vigdis Bjørgo	Skyss	
	Inge Edvardsen	Samferdselsavdelinga	
	Endre Sten Nilsen	Kultur- og idrettsavdelinga, fylkeskonservatoren	
	Kari Patricia Kleppe	Regionalavdelinga, næringsseksjonen	
	Merete Hauge	Eigedomsavdelinga	
	Martin Tvedt	Regionalavdelinga, seksjon for forskning, internasjonalisering og analyse	
	Per Nordmark	Regionalavdelinga, planseksjonen	
Forfall:	Ronny Skaar	Kultur- og idrettsavdelinga	Sak: 2016/34315-9
	Sissel Øverdal	Opplæringsavdelinga	
	Lene Omdahl	Regionalavdelinga, klima- og naturressursseksjonen	
Møtetid:	KI 0900 - 1100	Møtestad: Fylkeshuset, møterom 1226	

Møteleiar: Marit Rødseth, plansjef

Referent: Per Nordmark

Sakliste:

1. Informasjon frå avdelingane: Runde rundt bordet
2. Oppfølging etter møtet på Straume – intern koordinering
3. Innfartsparkering. Orientering v/prosjektleiar Arve Aasland
4. Nytt møte i Forum for regionsenterkommunar
5. Oppstartsmøte Erasmus+ «Urban Centres» 01. – 02.02.2018

Marit Rødseth ønskte velkomen til det tredje møtet i Regionsenterringen.

1 Informasjon frå avdelingane: Runde rundt bordet

Regionalavdelinga, planseksjonen v/ Marit Rødseth:

Fylkestinget har vedteke to regionale planar som har stor relevans for regionsentera: Areal- og transportplan for Bergensområdet og Regional Transportplan.

Eigedomsavdelinga v / Merete Hauge

Åsane:

Det kjem til å skje mykje i Åsane: Forprosjektet for n VGS er ferdig. Phil skule skal rivast når den nye skulen med bibliotek er ferdig i 2020. Det er ein joker i framdriftsplanen: Om detaljreguleringsplanen vert ferdig i tide.

Det er gjennomført ein «kunstpilot» knytt til dette prosjektet. 1,2 % av entrepisekostnaden skal brukast på kunst. Det er og gitt eit tilskot på kr 500 000 frå KORO til prosjektet. Skulen har vore aktivt med, og over 100 lærarar og elevar har deltatt. Modellen og erfaringane vil verta brukt i nye prosjekt.

Askøy/Kleppestø

Fylkeskommunen skal no i gang med Askøy VGS på Myrane. Lokaliseringa eit litt opp for senteret. Planen for lokalisering på Kleppestø har «stranda», pga utfordringar med ekspropriasjon av strandområde. Askøy VGS skal utvidast frå vel 500 elevar til om lag 1000 elevar, og skal vera etter Skulebruksplanen vera ferdig i 2022 (eller 2023?).

Med lokalisering på Myran vert VGS liggjande ved ungdomsskulen og idrettshallen. VGS leiger og lokale i idrettshallen.

Idrettshallen er i mindre god forfatning. Askøy ønsker å byggja ny idrettshall, men kommunen har ein krevjande økonomi.

HFK startar programmering for ny skule i mars og skal presentera dette for fylkestinget i juli 2018.

Eksisterande yrkesbygg skal rivast og byggja nytt for VGS. Det eksisterande bygget har Radon-utfordringar, men held dei formelle krava ved hjelp av ventilasjon. Ulike lokaliseringalternativ har vore vurdert, men etablerte leigeavtalar avgrensar handlingsrommet. Områdeplanen for området er det viktig for HFK å vera orientert om. Det er ei viss frykt for framdrifta ved at reguleringa heng etter utbyggingsplanene.

Askøy kommune ønskjer å utvikla eit stort helsetun i område. Her ligg alt omsorgsinstitusjon og fleire andre helse/omsorgstilbod.

Områdeplanen legg opp til nye gangsamband ned til sentrum for å kople Myrane tettare på sentrum i Kleppestø.

Stord/Leirvik

Vabakken VGS ligg i skulesenteret – men ikkje i regionsenteret.

Det er vurdert å ikkje riva denne skulen, men å rehabilitera. Men enno veit ein ikkje om dette vert løysinga.

Det ligg til rette for utbygging av skulen.

Fjell/Straume.

Eigedomsdirektør Jostein Fjærestad har vore i kontakt med ulike aktørar i Fjell, men det er ikkje konkludert. Ein har sett på bussområdet. Lokket vert truleg ikkje ferdig til når skulen skal vera ferdig.

Idrettshall koster ca 200 mill. Må difor sjå på koplinga VGS – idrettshall. HFK byggjer sjeldan idrettshallar no. Sotra Arena er eit stykke frå sentrum, men har gode kvalitetar. Som skuleeigar må ein leggja til grunn at elevar er bevisste på kva tilbod dei får når dei vel skule. Skulane må ha attraktive tilbod.

Det er generelt skrikande behov for idrettshall-areal. Hallkapasitet er generelt ei stor utfordring, det gjeld og i skuletida. Det er behov for ulike typar treningsrom, ikkje berre hallar.

Det vart i diskusjonen peika på:

- At rett lokalisering kan i eit 50-års perspektiv vera viktigare enn rask realisering.
- På Straume var det 5 aktuelle lokasjonar for VGS, og bygging av skule for å styrkja eit senter er eit viktig argument.
- HFK må vera bevisst på kvar ein støttar idrettshall med økonomiske midlar.

Tannhelse v/ Torunn Lindland Gaarden

Askøy

Tannklinikken ligg no i sentrum, i handelssenteret. Lokaliseringa er vurdert som særst god.

Fjell/Straume

HFK ønskje ein ny klinikk på Straume. Fjell kommune har vore veldig imøtekomande og konstruktive, erfaringane er veldig positive. HFK har fått tilbod om 800 m2 og det vert no skrive intensjonsavtalen som ein reknar med vert godkjent i 2017. Ny tannklinikk for heile nye Øygarden kommune med 14 behandlingsrom skal vera ferdig i 2019. Med den aktuelle lokaliseringa i Helselandsbyen på Straume er det vurdert at klinikken er lokalisert i sentrum. Realiseringa vert tidlegare enn forventa.

Lindås/Knarvik

I Knarvik skal ny tannklinikk lokaliserast i Helsehuset. Denne var venta å vera ferdig i 2017, men forventningane no er 2020. 8 kommunar skal saman finansiera Helsehuset i Knarvik. Byggestart er planlagt våren 2018 og bygget er venta ferdig i 2020.

Bergen/Åsane.

Må ut av U. Pihl VGS, og inn i brakker på Rolland. Men skal tilbake til lokale i nye Åsane VGS.

Os/Osøyro

Korleis omlandet til regionsenteret vert definert vil vera viktig for pasientgrunnlaget til senteret, og dermed for dimensjoneringa av tannhelseklinikken. Dette er eit særskilt aktuelt tema for Osøyro der det no vert bygd ny 4-felts veg mot Bergen. Kommunikasjonslina Os-Bergen; kven vill sokna til Bergen og kven til Os?

Samferdsel v/Inge Edvardsen**Fjell/Straume**

Fjell har ein Sykkelbyavtale. Dette er ein 3-parts avtale mellom kommunen, Statens vegvesen og Hordaland fylkeskommune. Avtalen set krav til kommunen, men utløyser ikkje midlar direkte.

Fjell kommune og HFK skal underteikna ein avtale 15. jan. om sykkelparkeringshus i tilknytningotil kollektivterminalen.

Det er mange gang- og sykkelvegprosjekt i Straume-området. Gunhild Raddum arbeider med dette.

Kollektivterminalar

Ansvar for kollektivterminalar ligg under avdeling til Inge Edvardsen.

Arbeidet vert utført i samarbeid med Skyss.

HFK eig i dag delvis grunnen der det er lokalisert kollektivknutepunkt. Generelt prøver fylkeskommunen no å eiga grunnen der ein utviklar kollektivknutepunkt.

Skyss bringer inn behov.; - andre køyrer prosjekta med kollektivknutepunkt. Det er ein del arealbehov som det ofte ikkje er forståing for i desse prosjekta.

Odda

Kollektivknutepunktet i Odda skal flyttast frå kaia og til nytt kollektivknutepunkt på Smelteverkstomta. Det føregår no detaljprosjektering og detaljregulering.

Odda kommune har forskottert 15 mill til krysset på Fv7. Prosjektet er i gang og Odda kommune har no kapasitet til å handtera saka, delvis gjennom innleigd konsulent.

Det er sterke kulturinteresser i dette området og det er viktig at det vert oppretta god kontakt med kulturavdelinga i HFK i dette arbeidet.

Kvinnherad/Husnes.

Ikkje noko særskilt å melda frå samferdsel.

Stord

Miljøgate med kollektivknutepunkt – lite framdrift?

Lindås/Knarvik

Knarvik vart ikkje fokusert i dette møtet. Det vart kort informert om at det føregår ein prosess om midlertidig kollektivknutepunkt på ei barnehagetomt der barnehagen skal avviklast.

Os/Osøyro.

Gateterminal ved rådhuset med kantstopp. Det går føre seg planarbeid i Os som inkluderer kollektivknutepunkt.

Frå diskusjonen:

Regionalavdelinga bør inn i saksområdet «Sykkel».

I posisjonen sitt framlegg til budsjett 2018 ligg det verbalforslag om at det skal utarbeidast ei sak i løpet av 2018 om å omstrukturere Skyss til mobilitetsselskap, som skal gi heilskapleg satsing på gange, sykkel og kollektiv.

Ekspress-sykkelvegar vert breie – og dette må takast omsyn til. Slike lagar ofte konflikstar.

Det bør haldast eit regionsentermøte om kollektivterminalar. Det er fokus på kollektivknutepunkt i mange kommunar og regionsenter, så tema er aktuelt både for regionsenterkommunane, men og andre kommunar.

Regionalavdelinga, næringsseksjonen v/ Kari Patricia Kleppe

Avslutningskonferanse BYR

Det er to Byregionnprosjekt i Hordaland; eit for regionsentera rundt Bergen, og eit for Sunnhordland. Det vert arrangert ein felles avslutningskonferanse for desse BYR-prosjekta. Konferansen vert 20. april på Grand Terminus. Ei viktig målsetjing med konferansen er å formidla den kunnskap som er samla inn gjennom prosjekta. Tittel: Attraktive og vekstkraftige regionsenter i Hordaland. I tillegg til regionsenterkommunane vert og alle dei øvrige kommunane i Hordaland invitert til konferansen.

2. Oppfølging etter møtet på Straume – intern koordinering

Rapporten om Straume var bestilt av toppleiargruppa. Regionsenterringen må sjekka ut at toppleiargruppa har mottatt/ mottar rapporten. Bård Sandal må informerast:

Ansvar: Martin Tvedt og Per Nordmark.

Regionsenterringen må fortelja Toppleiargruppa korleis vi arbeider etter pilotprosjektet og møtet med Fjell kommune om Straume.

Erfaringar frå møtet om Straume:

Møtet med Fjell kommune på Straume vart vurdert som særst nyttig. Liknande møte bør gjennomførast for fleire regionsenter. Opplæring og samferdsel er særleg viktige for samordning.

Kommuneansvarleg i planseksjonen kan få ansvar for intern fylkeskommunal samordning.

Matrise over regionsenter

Det var semje om å utarbeida ei matrise som inkluderer alle regionsenter, og som viser aktivitetar og tidsskjema der ansvaret ligg i dei ulike avdelingar i HFK. Føremålet er å gje eit oversyn, og ved det sikra at avdelingane samordnar sine aktivitetar og sine prioriteringar.

Ansvar: Analysegruppa lagar forslag til matrise.

Fylkeskommunen har no eit veldig fokus på økonomi. Det er difor viktig å ha stort fokus på totaløkonomi, både investerings- og driftsøkonomi.

Det vert viktig å adressera viktige tema opp mot toppleiargruppa, og å visa mogelegheiter og konsekvensar.

3. Innfartsparkering

Prosjekt: «Strategi for innfartsparkering fram mot 2030» v/ Arve Aasland

Prosjektleder Arve Aasland presenterte prosjektet med ein PowerPoint presentasjon.

Prosjektet omfattar kommunar som grensar til Bergen + Voss og Osterøy.

Grunnlaget for prosjektet er regional transportplan 2018 – 2029.

Strategi: Etablering av 6000 plasser til 2030 - og tilstrekkeleg sykkelparkering.

Balansert forhold mellom leige og eige av permanente plassar.

Prosjektet har definert 6 arbeidspakker.

Det er registrert 3700 P-plassar som innfartsparkering i dag, men det er då enno ikkje registrert plassar langs Bergensbana. Per no ligg ein framfor budsjettet for tal etablerte innfartsparkeringsplassar.

Frå diskusjonen:

Det er store krav til sykkelparkering for vidaregåande skular, t.d. for Åsane VGS er det krav om 700 sykkelparkeringsplassar.

Det vert viktig å dela informasjon mellom prosjektet «Strategi for innfartsparkering fram mot 2030» og Eigedomsavdelinga.

Innfartsparkering kjem ofte i siste rekke i tilknytning til kollektivknutepunkt.

4. Nytt møte i Forum for regionsenterkommunar

Nytt møte i Forum for regionsenterkommunar skal planleggjast i februar/ mars 2018. Møtet skal haldast i Bergen.

Tema: Helsetilbod i regionsenter.

Det er aktuelt å invitera helseføretaka med t.d. lokalsjukehus (Stord, Voss, Odda ?) til å bidra i programmet.

På bakgrunn av dette møtet og informasjon frå fyrste møte v/ Fjell kommune kan det lagast ein rapport som kan vera til inspirasjon og rettleiing for utvikling av aktuelle og gode helsetilbod i regionsentera.

Eit anna aktuelt tema er: Kollektivknutepunkt.

Dette kan anten leggjast til eit møte i Forum for regionsenterkommunar, eller i eit Plannettverksmøte. Dette temaet er aktuelt for dei fleste av kommunane i fylket.

5. Oppstartsmøte Erasmus+ «Urban Centres»

Hordaland fylkeskommune ved regionalavdelinga og opplæringsavdelinga har søkt og fått finansiering av Erasmus+ prosjektet: «Development og sustainable urban centres with active involvement of vocational education and training (VET)». Prosjektet som skal gå over 27 mnd har 3 norske partnarar i tillegg til fylkeskommunen, og 5 internasjonale partnarar (det er ønskje om å auka til 6).

Det skal arrangerast oppstartsmøte i Hordaland 01. og 02. februar 2018. Arrangementet vert hos HFK, i Fjell/Straume, og i Lindås/ Knarvik. Regionsenterringen vert invitert til å delta i arrangementa.

Nytt møte i Regionsenterringen

Det skal kallast inn til møte siste veka i januar 2018.